

REHAB-INFO

Januar 2012



Tema: Overvekt
Kropp og tankar i endring

Teamet har ordet

I høve tal frå Verdens helseorganisasjon er fedme ein av dei største folkehelseutfordringane i det 21. århundre. Overvekt er eit aukande problem i alle aldersgrupper, og ein treng tiltak som fungerer for å snu denne uheldige utviklinga. Inaktivitet og inntak av for mykje og usunn mat er framhalde i media som basisårsaker til dette problemet. Det manglar ikkje på informasjon og tilbod om trening og slanking, og det er god tilgang på artiklar om helsevinstane ved eit lettare og sunnare liv. Men kva metodar gir best resultat og kvifor? Kva skal til for å lukkast med å endra livsstil?

I Rehabinfo i mai 2009 med same tema tok vi for oss tiltak og behandlingstilbod i høve overvekt. I denne utgåva av Rehabinfo vil vi ha fokus på kva andre faktorar som kan vera avgjerande i kampen mot overvekt og korleis ein kan få til ei varig endring. Vi vil m.a. sjå på korleis faktorar som stress og søvn verkar inn, og kva motivasjon og tru på endring har å seie for resultatet. I tillegg vil vi bidra med informasjon om kva lågterskeltilbod for fysisk aktivitet som finst i dei ulike kommunane. Lokalsjukehuskonferansen 2012 har og tema "Overvekt", denne er og presentert i avisa.

God lesing!



Bileta i dette nummeret er av treskjærararbeid til **Bergfrid Mørkve**.

Bergfrid Mørkve er fødd i 1955 på Voss. Ho gjekk 2 år på Norsk Kunsthåndverkskule på Voss der ho lærte treskæring.

Ho lagar menneskefigurar med karakter og sjel, som ho framstiller med humor og kjærleik. Kolleksjonen spenner frå karikaturar til meir stiliserte former. Bergfrid brukar i dag mesteparten av tida på verkstaden ho deler med ektemannen Geir Nymark i Magasinet på Voss.

Tittel til figur på framsida: "Woman"
Tittel: "Woman"

Rehab-info er ei informasjonsavis om rehabilitering for Voss Lokalsjukehusområde. Den er utgjeve av avdeling for rehabilitering, læring og meistring ved Voss Sjukehus. Send ros og ris og tips til gode saker eller tema til Britt.Madli.Manger@helse-bergen.no

Årsaken til overvekt er ikke selvforskyldt

Dr Med Grethe Støa Birketvedt, forfatter av boka "Med kroppen i hodet"

Få stresset ut av kroppen og ta hodet med på råd. Først da blir du arkitekten for kroppen din.

Overvekt og fedme er i dag et av de største helseproblemene vi sliter med. Ikke bare i USA er fedme blitt et enormt problem, men også i Norge sliter et stadig bredere lag av befolkningen med overvekt. Stadig yngre mennesker blir overvektige, og barn helt ned til 4 års alderen lider under følgene av for høy vekt, som insulinresistens, høyt blodtrykk og diabetes. Barn som blir overvektige svært tidlig vil nesten alltid slite med den høye vekta også i voksenalder hvis de ikke får hjelp. Mange foreldre overser barnas overvektsproblem og gjør ikke noe med det før barna blir mobbet på skolen. Andre foreldre begynner tidlig å gi barna sunne vaner og sparer dermed barna for mange problemer senere.

Vi har i mange år forsøkt å behandle fedme med riktige kostvaner og mosjonsvaner. I dag mangler det ikke på gode helseråd. Stadig flere helse- og treningssentre etableres, og det norske folk oppfordres daglig til å begynne å trene. Dagspressen og ukepressen er fulle av gode råd for å redusere vekta ved å gi sunne kosttilbud. Tilbudslistene står i kø og hver eneste dag overøses vi av nye tilbud om sunn og helseriktig mat. Vi prøver fettfattig kost, fettrik kost, karbohydratfattig kost, sukkerfattig kost, kost med lav GI indeks, Middelhavskost og norsk bondekost. Men likevel blir det norske folk stadig tykkere. Hva er årsakene? Spiser vi for mye, og mosjonerer vi for lite? Spiser vi feil mat og drikker vi kaloriene våre? Stresser vi for mye og sover vi for lite? Forslagene er like mange som det er antall kostholdstilbud. Men det vi kanskje glemmer i denne travle hverdagen er at stresset vi alltid omgir oss med, gjør vektproblemene stadig større.

Hver dag kommer det nye og flotte, friske barn til verden. De har normal regulering av sine kroppsfunksjoner. De spiser og sover. De mates og skiftes på. Kort sagt, de får dekket sine normale behov slik at fysiologien kan reguleres på en naturlig og harmonisk måte. Dagene går og barna vokser til. De begynner å gå. De begynner i barnehage og på skolen, og senere i livet kommer de fleste inn i arbeidslivet. Hver eneste dag utsettes de for påvirkninger utenfra som de som regel takler med sin fornuft og med sine intellektuelle evner. Men av og til kan påvirkningene utenfra føre til et langvarig stress som påvirker adferden og ikke minst vekta. Stresset utenfra blir til stress innvendig og da begynner problemene. Noen begynner å drikke alkohol, andre forsøker å drukne sine problemer i piller, andre får store søvnproblemer, noen slutter å spise, mens atter andre begynner å spise. Vi stresser og stresser og mange har flere jobber for å få endene til å møtes. Stress er en av de største årsakene til at vekta øker, og stress gir store adferdsendringer. Det skal nesten ikke mer til enn en sur gubbe ved frokostbordet, eller en krangel før sengetid, før vi drukner surheten i noe som smaker ekstra godt. Nemlig MAT!

Hvor mange overvektige har ikke skyldt på ei umulig svigermor eller ei vanskelig tenåringsdatter som årsak til spiseproblemene. En eller annen gang må jo problemet ha startet.

Den mest synlige adferdsendringen er de som løser problemene med å spise. Da øker vekta og da øker problemene ytterligere. De hormonelle banene i kroppen begynner å endre sin vanlige 24 timers rytme og det ene hormonet endrer det andre hormonet som endrer det tredje

hormonet osv. Da blir det kaos i det fysiologiske systemet i kroppen, og da begynner stresset for fullt. Søvnhormonet melatonin som skal produseres om natten når det er mørkt, har blitt forstyrret i sin normale 24 timers biorytme og de får ikke lenger signaler om at de skal begynne å produsere melatonin. Dette får store følgeskader og søvnproblemene står i kø. Du sover dårlig om natta, og når du endelig sovner, våkner du opp mange ganger i løpet av natta. Du føler deg trett og sliten om morgenen, har problemer med å få unna jobben og er like sliten hele døgnet. Dette får konsekvenser for appetitthormonet leptin som skal produseres om natta for at du skal føle deg mett mens du sover. Appetitthormonet oppfører seg ikke som det skal, og du begynner å spise til alle døgnets tider uten at det er noen bevisst sammenheng mellom måltidene eller hva du spiser til måltidene. Både søvnhormonet og appetitthormonet er ute av sin biorytme og da blir det kaos også i serotonin nivåene, for serotonin er det hormonet som får deg til å føle deg vel. Du blir istedet deprimert og enda mer sliten, og stresset i kroppen øker. Stresshormonet er ute av balanse. Da blir det virkelig problemer. Blodsukkeret og insulinet jobber uavbrutt og fett lagres i kroppen, spesielt på magen og i de indre organene. Uansett hvilket kosthold du forsøker, så greier du ikke å gå ned i vekt. Vekta bare øker. Og det viktigste av alt!! Dette er ikke noe du kan noe for. Derfor er ikke fedme noen selvforskyldt sykdom som det er lett å behandle. Derfor kan du ikke bare spise mindre og mosjonere mer.

Skal vi nå fram med vår behandling av overvekt, må vi ha kunnskaper om disse hormonenes veier, angrepspunkter og framfor alt, deres rolle i kroppen. Uten disse kunnskapene kan vi ikke forstå hvordan vi skal få dem tilbake til normal regulering igjen når de først har slått krøll på seg, Vi har ikke noen pille som kan regulere disse mekanismene inn i harmoniske baner igjen når noe først har

gått galt. Mange har lurt på hvorfor disse hormonene begynner å gå sine unormale baner i kroppen. Det skal ikke mer til enn en episode vi ikke greier å takle følelsesmessig før et hormon går feil. Da skjer det en kaskade av andre reaksjoner i kroppen som fører til overspising og fedme. Eksempelene er mange. Det gjelder å skape trygghet og harmoni hormonene seg i mellom, for at kroppen skal komme i harmoni med hodet. Det blir som et harmonisk ekteskap hvor de fysiologiske mekanismene i kroppen arbeider naturlig mellom kroppen og hodet. Krangel og vold i hjemmet, kan skape mangel på selvtilitt, angst, depresjon og dermed kaos i systemet. Årsakene er like mange som det er fedmepasienter. Hvert eneste individ har sin egen historie som kan ha påført kroppen indre stress og overspising. Uten forståelse for kroppens fysiologi og indre harmoni blir det vanskelig å behandle fedme og fedmens sykdommer. Med forståelse for disse kroppslige mekanismene kan vi komme til målet ved hjelp av flere mestringsteknikker. Det gjelder å lære seg til å ta de riktige avgjørelsene for kroppen ved å ta hodet med på råd, og det gjelder å ha så stor forståelse for maten og dens virkemidler at vi forstår hva slags mat som kan roe sinnet og føre de disharmoniske banene tilbake til sin normale harmoniske rytme. Som dere skjønner, er det ikke bare snakk om at overvekt og fedme skyldes mangel på mosjon og overspising. Det er de hormonelle banene som har gått løpsk i kroppen som har ført til denne mangelen på mosjon og denne overspisingen, og vi greier ikke å få bukt med overvekten før vi begynner å gripe fatt i og behandle de disharmoniske banene som kommer av at kroppen har påført seg et indre stress. Først da vil vi kunne få en disharmonisk kropp tilbake til likevekt, først da vil også den vektreduksjonen vi var vitne til også vare. Og det viktigste:

Først da kan du innlemme kroppen i hodet, ta dine egne valg og bli arkitekt for din egen kropp.

Fysisk aktivitet i dei ulike kommunane i lokalsjukehusområdet til Voss sjukehus.

Mennesket er skapt for aktivitet. Eit stillesitjande liv fører til auka risiko for sjukdom. Regelmessig fysisk aktivitet og trening kan førebygge sjukdom og kurere ei rekkje sjukdommar. Så enkelt, men likevel så vanskeleg. (sitat frå Aktivitets handboka – helsedirektoratet)

Rehabinfo har bedt Granvin, Kvam, Ulvik, Vaksdal og Voss kommune om å presentera kva dei har gjort og kva dei planlegg for å legge tilrette for fysisk aktivitet blant innbyggjarane sine.



Granvin sine tiltak med tanke på fysisk aktivitet

Grete Kari Ljones, helsesøster Granvin Herad

I Granvin arbeider me aktivt for at innbyggjarane skal få tilbod om ulike fysiske aktivitetar. Her er det dugnadsånda som rår.

I underetasjen i Herandshuset har me eit trimrom der alle tilsette i heradet kan trimma gratis. Dette er mykje brukt. Heradet har også utarbeidet eit "trimkort" for alle tilsette der all fysisk aktivitet kan registrerast i løpet av eit år. Premien er eit gåvekort som vert høgtideleg utdelt av ordførar.

Granvin idrettslag står for mykje av tilboda om organisert fysisk aktivitet. Dei har fotballtreningar, volleyballtreningar, "dametrim", skiaktivitetar i Haugseåsen og orienteringsløyper.

Nytt av året er Zumbadansing. Dette er eit svært poulært tilbod, og vert arrangert fleire kveldar i veka.


Dei 2 siste åra har laget arrangert "Stokksel opp". Dette er eit krevjande løp på over 3km. Her deltek både aktive idrettsutøvarar og mosjonistar.

Heradet er behjelpelig med gratis leige av gymsalen på skulen, elles må me få takka frivillige som gjer dette mogleg å få til.

I Granvin har me mange fine turområder. Granvin Turlag arrangerer turar både høgt til fjells, og meir lette kveldsturar. Dei ryddar og merkjer turløyper. Målet deira er å fremja naturopplevingar og å gjera vegar og område kjende for bygdefolket.

På Granvin barne- og ungdomsskule har dei i flere år hatt fysisk aktivitet som eit innslag i skuledagen. Store delar av skuleåret er det dagleg sett av 30 minuttar til ulike fysiske aktivitetar. Dei går på tur, har ballspel i gymsalen eller på fotballbanen.

Dessverre er symjebassenget på skulen stengt dette skuleåret. Det skal pussast opp. Men me reknar med at det vert gjort i stand til neste skuleår.



Kvam Herad

Fysisk aktivitet Kvam Herad

Reidun Kjosås, folkehelsekoordinatør i Kvam Herad

Tilbod om fysisk aktivitet i Kvam:

- Idrettslag og andre frivillige organisasjonar har gratis leige av idrettshallar og symjehallar.
- Offentleg bading i Strandebarm symjehall. Tilbodet er ope for alle og det er gratis.
- Trimgrupper for eldre innanfor pleie og omsorg. Vert gjennomført av fysioterapeutar i kommunen.
- Aktivitetstilbod for funksjonshemma (boccia og vinteraktivitetsdag)
- Idrettsskule for ungdom med nedsett funksjon
- Ei lang rekke frivillige lag og organisasjonar tilbyr ulike aktivitet for barn, ungdom, vaksne og eldre.
- Kommunen har eigne støtteordningar kor frivillige lag og organisasjonar kan søkje om støtte til drift av aktivitetane sine.

Tilrettelegging av turvegar

Mange turvegar i Kvam er merka med skilt men skiltinga er varierende frå bygd til bygd. Det er sett i gang arbeid med å innføre ein einsarta merkemal (sjå <http://www.fjellturisme.no/skilting-og-gradering>). Dette arbeidet har kome godt i gang. Det er mellom anna merka sommar og vinterløype på Kvamsskogen, sommarløyper i Fykkesundet og skiløyper på Sjusete.

Det er sett i gang eit samarbeidsprosjekt med grendautvala i kommunen og fleire av desse, til dømes Tørvikbygd, har kome godt i gang med arbeidet med å velja ut turar som skal merkast, få godkjenning frå grunneigarar og gå turane med GPS (for å vera tilgjengeleg via elektroniske kart). Neste steg på vegen er å laga ein omtale av alle turane som er merka og gradert og deretter leggja dette ut på nettsidene til Kvam herad og andre som ønskjer.

Vi har fått noko støtte frå Hordaland fylkeskommune og Gjensidigestiftelsen. Mykje av jobben knytt til merking og gradering av turvegar er gjort på dugnad av frivillige i lag og organisasjonar i Kvam.

Frisklivssentral og frisklivstilbod

Frisklivssentralen skal gje hjelp til å endre helseåtferd knytt til fysisk aktivitet, ernæring og tobakk hos vaksne.

Kvam herad har fått økonomisk støtte frå Helsedirektoratet til etablering og organisering av ein frisklivssentral. I løpet av kort tid vert det tilsett ein prosjektleiar som skal føre arbeidet framover. Vi ønskjer å etablere ein frisklivssentral i Øystese/Norheimsund, men vil samstundes arbeide for å få til gode frisklivstilbod i fleire bygder i Kvam og i nabokommunar. Dette arbeidet heng saman med Folkehelse i Hardanger prosjektet. Frisklivssentralen skal ha eit godt samarbeid med lærings- og mestringsenteret på Voss sjukehus.



Ulvik Herad og fysisk aktivitet

Caroline Lehmann, bygde- og næringsutviklar i Ulvik Herad

I Ulvik som i resten av landet er det eit kommunalt ansvar men også ei oppgåve for friviljuge organisasjonar å syte for at alle får høve til fysisk aktivitet.

Ein svært viktig aktør her i heradet er Ulvik Idrottslag med sine vel 400 aktive medlemmer – 35 % av innbyggjarane. Laget har i samarbeid med heradet tilrettelagt for diverse former for fysisk aktivitet både om vinteren og om sumaren. Så snart snøen har lagt seg i Espelandsdalen, er Brakanes tom for folk kvar torsdagskveld – det er lysløypene ved Drevtjørn som gjeld. Unge og vaksne er ute og trenar eller går skiturar – torsdagskvelden er ikkje ein god møtekveld om vinteren! Året rundt leverer idrottslaget to gonger i veka tilbod om aerobics – så heller ikkje måndag ein god møtedag her i bygda.

Innerst i Ulvikpollen har Ulvik Herad bygd opp eit idrettsanlegg med banar for diverse ballspel og for friidrett. Bana har i år fått nytt dekke og er stor nok til å gjennomføra større nasjonale idrettsarrangement. I tillegg er området bygd ut til ein god badeplass og delvis regulert til vasski. I 2011 sette Ulvik Herad sett opp eit skateanlegg. Her er det fritt fram for uorganisert fysisk aktivitet.

Det siste året har Ulvik Herad saman med Destinasjon Ulvik og Ulvik Landskapspark vore ein av aktørane for å få merka turløyper til vandring og sykling. Mange nye og gamle turveggar er rydda og merkte,

og dei vert godt brukte, både av bygdefolket og av gjester. Dette arbeidet held fram også i åra som kjem.

Fysisk aktivitet på skulen må vera noko av det viktigaste som kan gjerast for å hindra problem med overvekt. Ein ballbinge er naturlegvis på plass, og Ulvik Herad stiller gymsalen og bassenget på skulen – likesom ungdomshuset - til disposisjon for ymse aktivitetar, som t.d. kanonball, aerobics, syming, “eldredans” m.m.

I Ulvik har me til alt overmål eit privat treningscenter som vert mykje brukt, både til styrketrening og til spinning. Som ein del av miljøarbeidet får tilsette ved heradet eit tilskot til årsavgifta på treningscenteret. Ulvik Herad har sidan 2010 hatt ein frivilligsentral der eit av tilboda er fylgje til turar. Det vert også arbeid med planar for fleire nye tilbod i næraste framtid: Areal for bogeskyting, frisklivscentral og idrettshall.

Tilbodet om fysiske aktivitetar i Ulvik er stort og breitt, det femner om gamle og unge med eller utan tidligare trening, med eller utan fysiske avgrensingar. Eventuell overvekt her i bygda kan i alle fall ikkje skuldast manglande tilbod om fysiske aktivitetar

Fysisk aktivitet i Vaksdal kommune.

Sveinung Klyve, miljøvernrådsgjevar Vaksdal kommune.

- Kommunen skal så langt det er råd leggja til rette for at eksisterande kommunale anlegg og utstyr vert utnytta for å skapa fysisk aktivitet; t.d. symjehall, gymnastikksalar, og idrettsanlegg.
- Friskvern: Gjennom arbeidet med friskvern retter kommunen fokuset på dei som er friske og som kjem på jobben kvar dag. Ei bok med forskjellige turalternativ er laga og det er opplegg for trening i arbeidstida.
- Kommunen har hatt vitaltrim nokre år. Dette starta bra, men har dabba av. 3-4 stk har enno slik morgontrim på kommunehuset kvar morgon. I starten var ca 25 stk med kvar morgon.
- Helsestasjonen og fysioterapeut gjev tilbod inn mot skulane i høve enkeltelevar. Har ikkje gruppetilbod.
- Dans og teater/drama i regi av Vaksdal Kulturskule.
- Bassengtrening for personar med reumatiske sjukdommar i regi av dei kommunale fysioterapeutane.
- I 2007 vart det laga ei turbok for Vaksdal kommune med 13 turar i fjellet. Denne fekk alle tilsette i presang til jul 2007.
- Villmarksleir på Småbrekke i Bergsdalen. Dette er eit tilbod for den som vil overnatta i lavu, padla med kano, klatra i fjellet, fiska osv. Kommunen arrangerer årleg leir for born mellom 10 og 12 år.
- Alle born skal i løpet av grunnskuletida ha ein informasjons- og aktivitetsdag knytt til Skipshelleren.
- Geologisk natursti i Bergsdalsfjella.
- Kommunen har vore delaktiv i merking av turstiar og tilrettelegging for fysisk aktivitet omkring i kommunen.
- Kommunen arbeider med realisere bygging av fleirbrukshall.
- Idrett er den største organiserte fritidsaktiviteten i kommunen. Ein har tilbod som fotball, handball, langrenn, friidrett og orientering.
- Frivillighetsentral vart etablert i samarbeid med Arna hausten 2011. Ein person er tilsett på 50 % og gjev ulike tilbod til dei eldre.





Fysisk aktivitet i Voss kommune.

Anne Grete Haugen, leiande fysioterapeut Voss kommune

På Voss finst svært mange tilbod, både for små og store, unge og gamle der ein kan vere fysisk aktiv saman med andre. Lista nedanfor er heilt sikkert ikkje fullstendig, men gir ei viss oversikt over tilboda:

Pensjonistar

- Gå deg glad! – ei turgruppe for glade pensjonistar. Kvar onsdag kl. 12.00 frå Bjørgatun - 1 time tur i sentrumsområda. Gratis tur.
- Gla'trim for oss over 60 – kvar torsdag kl.11 - 12 i Idrettshallen. Medlemskontingent i Voss IL . (kontaktinfo: Magnhild T. Holtedal tlf. 56513772)
- Fotafar – turgruppe for pensjonistar. Annankvar onsdag frå kl. 10 – 16. Oppmøte ved Tinghuset.
- Trim for eldre i Velferdssentralen (3.etasje i Sosialbygget) kvar onsdag kl. 10.45 –11.30 ope for alle – gratis.
- Voss helsesportlag: trim i Idrettshallen kvar tysdag kl. 19 – 20 og bading i symjehallen på Voss ungdomsskule kvar torsdag 19.30 – 21.30. Kontingent til Voss helsesportlag.
- Seniordans i Ungdomshallen annankvar tysdag (oddetalsveker) kl. 11.00 – 13.00. Årskontingent til seniordans Norge og 40kr pr. gong. (Kirsten Eikefjord tlf 90941197)
- Seniortrening –Aktiv terapi – 1 eller 2 gonger i veka i 15 veker. Oppstart jan. og sept. (kontaktinfo Gunn Marit Bergstrøm tlf.56520103.
- Seniortrening – for dei over 70, Stallgt. torsd. 19.30 – 20.30 (Knut Fløtberget mob.94168985)
- Bassengtilbod - Hagahaugen

Lågterskeltilbod

- Lågterskeltrening – Aktiv terapi – måndag og onsdag kl. 10 – 11. For dei som slit med overvekt og ynskjer å kome i form og trenar saman med andre i same situasjon.
- Oasen – lågterskeltilbod for dei som har psykiske vanskar. Tilbod om fysisk aktivitet/tur 2 dagar i veka.
- Turgruppe. Frammøte kl. 18.00 ved HMV kvar onsdag frå slutten av april til sept. deltakaravgift 10kr + 20 kr til transport. (kontaktinfo A. Fremming tlf. 56510202 eller mob. 48251833)
- Voss utferdslag arrangerar fjellturar mest heile året. (Sjå eige turprogram i sportsbutikkane, turistinformasjonen eller på www.turistforeningen.no/Voss) Eigne lågterskelturar og Bornasitt turlag arrangerar familieturar.
- Bulken turmarsjlag. Frammøte kvar tysdag kl. 18.00 ved Bulken skule (om vinteren er det oppmøte v/Mega)

I tillegg er det tilbod i regi av dei mange idrettslaga på Voss. Voss idrettsråd er eit fellesorgan for alle laga (kontaktinfo Heidi Olsen Nedkvitne 55 02 00 51)
Det er utruleg flott turterreng i og i nærleiken av Voss, og fleire stader er det tilrettelagt med merka stiar og ljosløyper. Til dømes Bømoen, Storåsen, Hanguren, Bavallen (T-merka løype), Voss ski- og tursenter, Årmotslia, Dalane/Skjeldal skianlegg.

Fysioterapi-tilbud Voss kommune

- Hjertetrening – Voss sjukehus, mandag, onsdag og fredag kl. 09.15 – 10.15 (kontaktinfo Gunnvor Loven tlf. 56533565)
- Hjertetrening – Rogne Vidaregåande skule, mand. og torsd 18.00 – 19.00 (kontaktinfo Kjartan Tvilde mob. 91111234 og Kjersti Skattum)
- Parkinsongruppe – Sentrum fysioterapi – annankvar tysdag kl. 12.30 – 13.30 (kontaktinfo Jorunn Ytrefjord tlf.56516650)
- Slaggruppe – Voss sjukehus, mandagar kl. 14.00-15.00 (kontaktinfo kommune - fysioterapeutane mob.95262004)
- Fallførebyggjande/blanda gruppe,- Nabobeino, tysdagar 11.00 – 12.00 (kontaktinfo kommunefysioterapeutane mob.95262004)
- Fysio pilates – Aktiv terapi(frå 2012), måndag kl. 16 – 17 og onsdag 15.30 – 16.30 (kontaktinfo Silje Willassen tlf.56520103)
- Trening for gravide(frå 2012) – Aktiv terapi, måndag 18.45 – 19.45 (Silje Willassen)
- Mor og barn trening – Aktiv terapi, måndag og onsdag kl. 11.15 – 12.15 – minst 6 veker etter fødsel og fram til barnet er 1 år, (Gunn Marit Bergstrøm tlf.56520103)
- Lågterskeltrening – Aktiv terapi, måndag og onsdag 10 – 11. For dei som slit med overvekt og ynskjer å koma i form og trenar med andre i

same situasjon. (Gunn Marit Bergstrøm)

- Seniortrening – Aktiv terapi, 1 eller 2 gonger i veka i 15 veker oppstart i jan. og sept. (Gunn Marit Bergstrøm)
- Ryggtrening, Kiropraktoren a/s, Vangsgt. 25, mand. og torsd. 20.15 – 21.15 (10 veker) – (Henrik Bolstad Banne tlf. 56510080 eller post@kirovoss.no)
- Ryggskule, Voss husflidsskule tysd. og torsd. Kl.20 - 21 – (Gunnvor Loven mob. 91524841)
- Pilates m/innslag av yoga – Voss vidaregåande skule, avd. Vatle mand. kl.16.15 – 17.30 (Helga Forthun mob. 47394800)
- Gruppetrening- Stallgt. - mand. og torsd. 17.00- 18.00, 18.30 -19.30, 19.30 – 20.30 (Knut Fløtberget mob.94168985)
- Seniortrening – for dei over 70, Stallgt. torsd. 19.30 - 20.30, (Knut Fløtberget)
- Bassenggrupper – Hagahaugen – Bjørg Anvor Tvilde tlf. 56512608 mob.90734328

Lærings- og meistringssenteret ved Voss sjukehus arrangerar fleire typer kurs (nokre i samarbeid med fysioterapeutar i Voss kommune) for pasientar med td. osteoporose, KOLS og livsstilssjukdommar..

Mosjon er ein lykkepille i seg sjølv
Det dreier seg om meistring, morro,
motivasjon og meining i
kvardagen!

Folkehelse i Hardanger og Voss

Reidun Braut Kjosås, prosjektleiar for Folkehelse i Hardanger og Voss

Folkehelse i Hardanger og Voss er eit av delprosjekta i hovudprosjektet Samhandlingsreforma i Hardanger. Hovudprosjektet og delprosjekta er forankra gjennom politiske vedtak i alle Hardanger kommunane. Prosjektperioden er 2011- 2013.

Ny Folkehelselov

I oppfølginga av St.meld. nr 47 (2008-2009) Samhandlingsreforma er det blant anna vedteke ei ny folkehelselov som gjeld frå 2012.



Folkehelselova skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og reduserer sosiale helseskilnader. Kommunen får

ansvaret for folkehelsearbeidet, ikkje berre helsetenesta slik det er i dag. Kommunen skal også ha oversikt over helsetilstanden i eigen kommune, fastsetta mål og strategiar for folkehelsearbeidet og setta i verk nødvendige tiltak for å møte lokale utfordringar.

Interkommunalt samarbeid om folkehelse

Hovudmålsettinga i fase ein er å lage ein felles plan for folkehelsearbeidet i Hardanger og Voss. Ei tverrfaglig samansett prosjektgruppe med representantar frå kommunane, sjukehusa og ein brukarrepresentant har ansvaret for å

gjennomføra prosjektet i samsvar med målsettingane.

Prosjektleiar er i gang med å skaffa ein oversikt over kva folkehelseiltak som er iverksett og planlagt i regionen pr dags dato. Med utgangspunkt i denne oversikten vil vi sjå på:

- kva får vi til av folkehelsearbeid i regionen pr i dag,
- kva kan vi verta betre på?
- kva kan vi samarbeide om?
- korleis få til/vidareføra eit godt samarbeid med frivillig sektor?

Denne oppsummeringa vil vera med og danna grunnlaget for korleis vi skal organisera og drifta folkehelsearbeidet i regionen vår.

Det er nyleg oppretta eiga nettside for Samhandlingsreforma i Hardanger, sjå www.kvam.no/samhandlingsreforma. På denne nettsida legg folkehelseprosjektet om kort tid ut døme på konkrete folkehelseiltak. Tiltaka er meint å gje idear og informasjon om korleis du går fram for å få sett i gang aktuelle tiltak. Har du forslag til tiltak som kan komme inn på denne lista tek du kontakt med prosjektleiar.

**”De beste legene i verden er
dr. Kosthold, dr. Hvile og dr. Glede.”**

(Jonathan Swift 1667-1745)



Intervju med Svein Ekrem

Hilde B. Børve, dagleg leiar LMS

Eg set meg delmål heile vegen. Eg har oppdaga nye kvalitetar i livet mitt, som eg ikkje er villig til å gje slepp på igjen. Livet er vorte så mykje betre!

Korleis var livet ditt før kurset?

Eg opplevde aukande vekt gjennom mange år, som etterkvart hadde gitt meg dårleg helse i form av overvekt, dårlege kne, stigande blodtrykk og generelt veldig dårleg form. Eg hadde begynt å trimma litt på eiga hand. Sykla ein del, og dette hjelpte på forma, men eg fekk ikkje den gevinsten eg håpa på - å gå ned i vekt. Eg oppsøkte fastlegen min, som anbefalte meg overvektskirurgi. Om eg fekk lågare vekt kunne eg få operert knea mine. Eg vart tilvist til sjukehuset for operasjon. Nokså tilfeldig fekk eg høyre om det tilbodet lærings – og meistringssenteret på Voss sjukehus har i form av livsstilsendringkurs. Eg tok kontakt og fekk her tilbod om å ta med ein pårørende på kurs. I februar 2011 starta eg i lag med sambuaren min på kurset saman med 10 andre, med sine utfordringar knytt til livsstil.

Kva har kurset betydd for deg?

Eg fekk ei ”aha oppleving” med omsyn til mat. Eg trudde eg måtte ”svelte meg” for å gå ned i vekt, men her blei eg sjokkert. Det siste året har eg ete mykje medan eg har gått jamt ned i vekt.

Opplevde du dette som eit slankekurs?

Nei, slanking har aldri vore tema på kurset! Men vi har lært å ete rett, å ete mange nok måltid, å halde jamn ”fyr i omnen”.

Har du opplevd kurset som hjelp til endring? Om ein har eit ope sinn når ein startar på kurset, vert ein motivert til å gjere endringar. Om ein allereie er motivert når ein kjem, får ein eigentleg fleire verktøy og støtte til å gjennomføre



Svein Ekrem

livsstilsendring. Alle faginnlegga motiverte meg. Me fekk møte ernæringsfysiolog, fysioterapeut, lege og sjukepleiar, og fekk stille spørsmål og diskutere mange tema. Det var kanskje ikkje så mykje nytt, men veldig nyttig. Dei ulike faginnlegga vart ikkje framstilt med ein pekefinger, men vart lagt fram til opplysning og diskusjon, noko som sette i gang tankane mine. Eg er blitt ”vekka opp” til å forstå og ynskje å sjølv ta ansvar for mi eiga helse. Eg har oppdaga at eg sjølv kan ta styringa. Heilt frå dag ein har det vore fokus på omgrep som motivasjon og endring. Ein må setje ord på kor ein er i endringsprosessen. Gjennom små bevisstgjerande heimeoppgåver og mykje diskusjon i gruppa, har eg måtte setje ord på endrings og motivasjonsprosessen min. På kurset har eg og lært å planlegge og skrive ned kvardagen min. Eg er vorte utfordra på måla mine gjennom heile kurset. I tillegg til gruppetilbodet fekk vi på kursdag 1 og 4 tilbod om ein helseprat og individuell kontroll. På denne måten fekk eg tilbod om ein personleg oppfylging. Motivasjon til trening vart gitt på kurset. Deltakarane vart

informert om at me treng både kvardagsaktivitet og trening. Eg oppdaga kor lite som skal til for å få ein stor gevinst.

Kva har dette kurset ført til for deg?

Vekta mi har gått ned nokre tital, og trimminga har vorte meir lystbetont. mykje lettare grunna lettare kropp. Før eg Kurset er lagt opp slik at me kjem tilbake etter 3, 6 og 12 månader. Her treff me kvarandre igjen, utvekslar erfaringar og hentar ny motivasjon. Eg har oppdaga nye kvalitetar i livet mitt, som eg ikkje er villig til å gje sleipp på igjen. Livet er vorte så

deltok på kurset å eg 2-3 store måltid pr dag. I dag et eg 5-6 gonger pr dag. Eg trimmar no fast 2-5 gonger pr veke, og er generelt sett i mykje betre form og trivsel.

Kva treng du for å fortsetje, og å vedlikehalde desse endringane?

Eg set meg delmål heile vegen.

Eg har sett meg i “førarsetet”, seier ein smilande Svein. Det er eg som har styringa no, og det ynskjer eg å fortsetje med.

Livsstilsendringskurs for ungdom

Hilde B. Børve, dagleg leiar LMS

Voss Kommune, i samarbeid med Lærings-og meistringssenteret ved Voss Sjukehus, planlegg oppstart av eit kurstilbod for ungdom som treng hjelp til; å komme i gang med trening, å lære meir om kosthald og å gå ned i vekt.

Vi planlegg oppstart i januar-12, og vi har etter kvart fått nok påmelde til å sikre oppstart. Kurset blir arrangert etter skuletid, kl 15.00- 18.30, 6 ettermiddagar i perioden januar til juni -12. Det vert servert eit enkelt måltid ved oppstart av kvar kursdag. Ulike tema vil bli tatt opp kvar gong, og vil bli fylgt opp av bevisstgjeringe heimeoppgåver. Hovudtema vil vere; kva inneheld maten vi et, måltidsrytme, døgnrytme, motivasjon for endring, korleis endre vaner, kva er fysisk aktivitet, korleis finne min form for aktivitet, kva konsekvensar kan uheldig livsstil gje på sikt.

Om kursdeltakar er under 18 år krev deltaking underskrift frå føresette . Kursleiarane vil arrangere

informasjonsmøte for dei føresette til ungdom under 18 år.

Kursleiarar vil vere Brit-Tone Rokne, helsesøster i Voss kommune og Hilde Blindheim Børve, pedagog/sjukepleiar frå LMS.

Fysioterapeut Elise Bøysen, og skulelege Ottar Fjose vil og ta del i kurset.

Kurset vil verte arrangert på Lærings og meistringssenteret som held til på Rogne Vidaregåande skule. Voss kommune, ved helsesystemene, står for påmelding og informasjon til kurset. Ein treng ikkje tilvising frå lege for å få plass på dette tilbodet. Kurset er gratis, men ein må betale for maten. Etter endt kurs vil dette pilotprosjektet bli evaluert, og evt driftast vidare av Voss kommune.

Slankekurer, lavkarbo, høyfett, hva skal til for å gjøre varige endringer?

Roger Atle Wæhle Kårstad, psykolog

Media oversvømmes av informasjon om hvordan vi skal få vakre og sunne kropper. Man hører ofte historier der folk har gjort drastiske forandringer og nærmest gått fra et middelmådig liv til en vellykket tilværelse.

Dette er nok et bilde som kan være kjent, men som for de fleste av oss ikke stemmer med virkeligheten. Sannheten er nok nærmere at det ikke finnes noen mirakelkur for raskt omforme kroppen til en kropp en har drømt om. Selv om man kunne så er det ikke sikkert at livet blir en dans på roser av den grunn. Ting som gjør livet utfordrende, som krav og forventninger, regninger og dårlig vær, vil nok være der og gjøre til at man har dårlige dager uansett hvilken kropp man er i.

Å være misfornøyd med kroppen sin er dessverre mer normalt enn å være 100% fornøyd. Mange som har plassert mye av sin egenverdi i kropp vil ofte være plaget av dårlig selvtillit, og kan lett bli overopptatt av kropp. Man kan da lett tenke at for å få bedre selvtillit bør man fokusere mer på kropp, men dette er en svært sårbar selvtillit. Det er heller å anbefale å følge det engelske ordtaket: ”don’t put all your eggs in one basket”. Se heller på alle de andre kvalitetene en har og spør deg selv; hva som virkelig betyr noe for meg i livet? For mange vil da familie, venner, skole, arbeid og hobbyer være ting som betyr mer enn hvilken kropp en har. For å bygge opp selvtilliten blir det da viktig å fokusere på disse tingene og prioritere dem riktig i livet sitt. Og ikke minst å minne seg selv på det gode man har.

Selv om streben etter en perfekt kropp ikke er noe man anbefaler, vil det være mange av oss som kan ha nytte av å endre på kosthold og andre vaner som vi har lagt oss til i løpet av livet. Uansett grunn til å endre

på livet sitt så er det mange som opplever det som vanskelig å endre på vaner en har lagt seg. En sier ofte at det å endre seg handler om mer en bare å bestemme seg. Denne artikkelen vil ta for seg hvorfor endring er vanskelig, hvordan endring foregår, og hva man kan gjøre for å bidra til at endringer går fra tanke til handling. Den vil også belyse viktigheten av å endre noe på tankene som vi kan ha. Viktigst av alt vil den understreke hvordan vi kan få endring til å vare, da dette ofte er det vi har størst problem med.

Hvorfor slankekurer ikke virker

Mange som har begynt på slankekurer opplever at en kan få gode resultat de første ukene, for så å gå opp igjen i vekt, såkalt jo-jo slanking. Dette er ikke sunt for kroppen eller helsen, men det er ikke din feil. Følgende er hentet fra en bok om spiseforstyrrelse og forklarer noe om hvorfor dietter ikke virker:

Slanking har ekstrem lav suksessrate, men reklamen for slankekurer lover vellykkede resultat akkurat med denne kuren... Denne gangen vil den virke.. Når den ikke gjør det, legges skylden på forbrukeren for manglende viljestyrke. Dietter kan forverre depresjon og lav selvfølelse. For de som allerede har en følelse av å være utilstrekkelig og maktesløs, kan dietten forsterke disse følelsene (Woolsey, M. Eating Disorders – A clinical Guide to Counselling and Treatment.).

De fleste begynner på dietter når motivasjon er på topp, og vedlikeholder

motivasjonen med å se at vekten går ned. Vekt er en svært sårbar motivasjon, da vekten kan variere med rundt 1 kg i løpet av en dag, som følge av naturlige variasjoner i kroppen. Det meste av vekten en mister de første ukene av ”kurer” er væske, og vil raskt gå tilbake ettersom man går tilbake til normal kost. Når en skal gjøre livsstilsendringer er det viktig å velge positive motivasjonskilder, som for eksempel bedre helse, mer energi og overskudd. Da vil motivasjonen være mer solid, og man slipper å gå tom for motivasjon når vekten stopper å gå nedover (noe den alltid vil gjøre).

Det er også flere fysiske årsaker til at slanking har lav suksessrate. De fleste dietter tillater alt for lite mat, noe som gjør at kroppen vil gi signal som sult, som kan føre til overspising, eller at man spiser ting man ikke har tenkt å spise. Et for raskt vekttap vil stimulere kroppen til å komme i likebalanse, noe som kroppen er biologisk ”programert” til. Dietter som er restriktive i utvalg, og type mat som tillates, gjør at ”forbudt” mat blir fristende. Noe som og kan komme av at en i dietten ikke får i seg nok næring, som gjør at kroppen vil gi signal om å spise annen type mat. Dersom man følger rigide og unaturlige dietter, vil de fleste vende tilbake til sitt vanlige kosthold etter en periode, noe som vil føre til at man igjen opplever vektøkning.


En sterk anbefaling når man skal gjøre livsstilsendring er derfor å alltid tenke at de endringene man gjør, er endringer man kan leve med resten av livet. Gjør heller små endringer som du kan holde, enn store endringer som du igjen må endre om en stund.

Hvordan endring skjer

